



# Innst. 105 S

(2014–2015)

## Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 21 S (2014–2015), kap. 821, 822, 3821 og 3822

### Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet 2014 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Til Stortinget

#### Samandrag

I proposisjonen legg Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) fram endringsforslag på statsbudsjettet for diverse kapittel.

#### Kap. 821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

##### *Post 60 Integreringstilskot, kan overførast*

Det går fram av proposisjonen at behovet i 2014 blir anslått å gå ned med 26,0 mill. kroner samanlikna med Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er ein reduksjon i talet på personar som utløyser tilskot for år 2 til 5.

BLD føreslår i proposisjonen å redusere løyvinga på kap. 821 post 60 med 26,0 mill. kroner.

##### *Post 61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, overslagsløyving*

Det går fram av proposisjonen at behovet i 2014 blir anslått å gå ned med 20,6 mill. kroner samanlikna med Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er at det er færre enn tidlegare antatt i målgruppa for tilskotet i 2014.

BLD føreslår i proposisjonen å redusere løyvinga på kap. 821 post 61 med 20,6 mill. kroner.

#### Kap. 3821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

##### *Post 1 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter*

Det går fram av proposisjonen at inntektene på posten blir anslått å gå ned med 8,4 mill. kroner frå Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er ein reduksjon i talet på overføringsflyktningar som kjem i 2014.

BLD føreslår i proposisjonen å redusere løyvinga på kap. 3821 post 1 med 8,4 mill. kroner.

##### *Post 2 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter*

Det går fram av proposisjonen at inntektene på posten blir anslått å auke med 1,2 mill. kroner frå Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er ein auke i prognosen for einslege mindreårige som blir busett i 2014.

BLD føreslår i proposisjonen å auke løyvinga på kap. 3821 post 2 med 1,2 mill. kroner.

#### Kap. 822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

##### *Post 22 Prøver i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar*

Det går fram av proposisjonen at behovet på posten blir anslått å auke med 0,9 mill. kroner frå Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er at Vox har hatt utgifter til sensur av skriftlege prøver for privatistar som ikkje har vore inkludert i budsjettberrekningane.

BLD føreslår i proposisjonen å auke løyvinga på kap. 822 post 22 med 0,9 mill. kroner.

**Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak**

Det går fram av proposisjonen at behovet i 2014 blir anslått å gå ned med 27,2 mill. kroner samanlikna med Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er ein reduksjon i talet på personar som vil utløyse tilskot for år 1. Dette er hovudsakleg ei følgje av at prognosen for talet på personar som får opphaldsløyve frå UDI i 2014 har gått ned.

BLD føreslår i proposisjonen å redusere løyvinga på kap. 822 post 60 med 27,2 mill. kroner.

**Kap. 3822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak**

**Post 1 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter**

Det går fram av proposisjonen at inntektene på posten blir anslått å auke med 5,1 mill. kroner frå Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er ein auke i prognosen for asylsøkjarak i 2014, og med det ei aukiug i målgruppa for norskopplæring for asylsøkjarak i mottak.

BLD føreslår i proposisjonen å auke løyvinga på kap. 3822 post 1 med 5,1 mill. kroner.

**Merknader frå komiteen**

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jan Bøhler, Stine Renate Håheim, Stein Erik Lauvås, Helga Pedersen og Eirik Sivertsen, frå Høgre, Frank J. Jenssen, Mudassar Kapur, Bjørn Lødemel og Ingjerd Schou, frå Framstegspartiet, Mazyar Keshvari og leiaren Helge André Njåstad, frå Kristeleg Folkeparti, Geir S. Toskedal, frå Senterpartiet, Heidi Greni, frå Venstre, André N. Skjelstad, og frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, handsamar i innstillinga budsjettkapitla 821, 822, 3821 og 3822 og har elles ingen merknader.

**Tilråding frå komiteen**

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I statsbudsjettet for 2014 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak	
	60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 5 771 967 000 til kr 5 745 935 000	26 032 000
	61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 419 087 000 til kr 398 477 000	20 610 000
822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	
	22	Prøver i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak, blir auka med ..... frå kr 11 588 000 til kr 12 529 000	941 000
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak, blir redusert med ..... frå kr 1 608 600 000 til kr 1 581 379 000	27 221 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
Inntekter			
3821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak	
	1	Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med .....	8 445 000
		frå kr 146 370 000 til kr 137 925 000	
	2	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir auka med .....	1 211 000
		frå kr 36 746 000 til kr 37 957 000	
3822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	
	1	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir auka med .....	5 120 000
		frå kr 124 479 000 til kr 129 599 000	

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 4. desember 2014

**Helge André Njåstad**

leiar og ordførar

